



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Adressatar iflg. liste

Dykkar ref

Vår ref
09/2247- EW

Dato
10.07.2009

Høyring - endringar i gebyrforskrifta - ekomområdet

Departementet foreslår med dette å endre forskrift 21. februar 2005 nr. 168 om gebyr (gebyrforskrifta) til Post- og teletilsynet. Forslaget vert sendt på høyring, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 37 andre ledd. Forslag til føresegner, merknadar til desse og høyringsliste er vedlagt.

1. Grunnen til forslaga om endring

Verksemnda til Post- og teletilsynet skal i samsvar med vedtak frå Stortinget vere sjølvfinansiert, og gebyra skal dekkje kostnadene med den delen av forvaltningsverksemnda som sjølvfinansieringskravet gjeld.

Stortinget vedtek årleg kor mykje Post- og teletilsynet skal krevje inn i gebyr det kommande året. Det fastsette beløpet skal så krevjast inn frå dei som har plikt til å betale gebyr etter lov og forskrift. Gebyrutrekninga går ut på å fordele kostnadene forholdsmessig mellom dei som skal betale gebyr. Den gjeldande metoden for fastsetjing av gebyr er basert på anten faste gebyr som er lista særskilt i forskrifta som kronebeløp eller blir rekna ut på grunnlag av føresegner fastsette i forskrifta, eller "variable" gebyr som blir utmåla ved einskildvedtak. To hovudforhold avgjer kor stort det einskilde gebyret skal vere. Det eine er Stortinget sitt budsjettvedtak, som fastset kor mykje som skal krevjast inn til saman. Det andre er tilsynet sin ressursbruk på dei einskilte oppgåvene kombinert med kor mange tilbydarar som skal vere med og dele på gebyrbelastninga. Endringar i løyvinga frå Stortinget vil resultere i auka eller redusert gebyr for aktørane, med utgangspunkt i den gebyrkategorien dei høyrer til.

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248353
Org. nr.:
972 417 904

Luft- post- og
teleavdelingen
Telefaks:
22 24 56 09

Saksbehandlar:
Eli Wongraven
22 24 82 18

Gjeldande forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet blei fastsett av Samferdselsdepartementet 21. februar 2005, og blei sist endra 18. desember 2008, med ikraftsetjing 1. januar 2009. Denne høyringa gjeld fleire endringar i gebyrforskrifta. Post- og teletilsynet har no revidert anslått ressursforbruk innanfor enkelte forvaltningsområde, og det har då ført med seg nokre prosentvise endringar i gebyra. Endringane skriv seg i nokon grad frå effektivisering innanfor nokre forvaltningsområde, attåt meir ressursbruk innanfor andre forvaltningsområde. Dei administrative kostnadene er, som tidlegare, av omsyn til administrativ effektivitet, fordelte etter ei overordna og minst mogleg detaljert løysing.

Departementet viser til orientering også til høyring om endringar i gebyrforskrifta i 2008, jf. brev 22.09.2008., pkt. 1. Det framgjekk der at det ville vere aktuelt med ein breiare gjennomgang av gebyrforskrifta i nær framtid. Av kapasitetsårsaker inneheld likevel høyringsutkastet som no sendast ut i hovudsak berre forslag til mindre endringar og presiseringar.

Departementet tek sikte på at endringane som blir foreslått her skal tre i kraft 1. januar 2010.

2. Om endringane

Gebyrutrekninga går ut på å fordele kostnadene forholdsmessig mellom dei som skal betale gebyr. Gjeldande metode for fastsetjing av gebyr med heimel i forskrifta er basert på anten faste gebyr som er lista opp særskilt i forskrifta som eit kronebeløp eller blir rekna ut på grunnlag av føresegner i forskrifta, eller "variable" gebyr som blir fastsett ved enkeltvedtak, jf ovanfor. Metoden blir vidareført, men blir foreslått justert noko slik at reglane skal reflektere klårare tilsynet si arbeidsmengde med dei ulike løyva. Forslaga til endringar skal medverke til at gebyra som Post- og teletilsynet pålegg aktørane, speglar handsaminga av oppgåvene. Ordninga med slik kostnadsorientering innanfor, og inga krysssubsidiering mellom, dei ulike kategoriane blir derfor halden ved lag.

Departementet legg vekt på at gebyra skal vere forholdsmessige, gjennom å sikra at tilbydarane berre skal betale gebyr for forvaltningsoppgåver knytt til den aktiviteten som er relevant for hans marknadsaktivitet og/eller ressursar. Departementet gjer merksam på at ei simulering av frekvensgebyra rekna ut i medhald av kapittel III etter det nye framlegget blir lagd ut på Post- og teletilsynet si heimeside, sjå www.npt.no

3. Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei administrative konsekvensane av framlegget til revidert gebyrforskrift reknar departementet som relativt små både for tilsynet og for dei fleste aktørane. Forslaget til endringar påverkar ikkje det samla beløpet som skal krevjast inn av Post- og teletilsynet. Rammene vert fastsette årleg i statsbudsjettet.

Framlegget som gjeld **gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar** i § 3 første ledd nr. 3 vil ikkje ha nokon konsekvensar for tilsynet sitt budsjett, sidan det totale gebyrbeløpet for administrering av ordninga framleis vil vere 2,5 mill. kr. Framlegget gjeld justering av gebyrbeløpet for 5-sifra nummer til ikkje-kommersielle formål av samfunnsnyttig karakter frå kr 2 000 til kr 3 500, slik at gebyr i denne gruppa får same nivå som andre 5-sifra nummer. Arbeidet tilsynet har med forvaltninga av denne er ikkje lågare enn for ordinære 5-sifra nummer, og det er difor naturleg at gebyrnivået speglar kostnadsorienteringsprinsippet også for slike nummer.

Departementet gjer framlegg om at den **6-sifra EØS-harmoniserte nummerserien** som startar på 116 skal ha eit årleg gebyr på kr 3 3000 for kvart nummer, til eit breiare erfaringsgrunnlag ligg føre. Det er difor gjort framlegg om eitt nytt punkt i § 3 første ledd nr. 4 om dette.

Den **12-sifra nummerserien for maskin-til-maskin (M2M)**-kommunikasjon tek til å gjelda frå 1. januar 2010, jf. § 16. Departementet gjer framlegg om innføring av eit årleg gebyr på kr 0,05 for kvart nummer vil vere kostnadsdekkjande til eit breiare erfaringsgrunnlag ligg føre, jf. forslaget til § 3 nr. 1.

Departementet gjer framlegg om ei klårgjering i § 8, tredje ledd, bokstav a om kva eit **lågeffektssystem** er. Vidare gjer departementet eit framlegg om oppheving av gebyr for **analog TV-kringkasting** i § 8, tredje ledd, bokstav b og c om analog kringkasting, da det etter sløkking av slike sendingar i 2009 ikkje lenger er aktuelt å skilje ut analog TV-kringkasting. Dersom det likevel skulle vise seg at Nordisk televisjon (NTV) ikkje har god nok dekningsgrad for det digitale nettet og dei analoge stasjonane dermed ikkje kan slokkast, vil dei nye forskriftsendringane syte for at dei analoge stasjonane (netta) som ikkje er slokt må svara gebyr etter § 10. Det er ikkje truleg at noko slikt vil skje, ved tidlegare slokkingstidspunkt har NTV si dekning vore god. Det er også gjort framlegg om ein auke av proSENTSatsen frå 39 til 42 pst. som skal fordelast mellom innehavarar av **spektrumsløyve**, jf. § 8 tredje ledd, bokstav d. Auken på 3 pst. er grunna i at gebyret som etter gjeldande forskrift blir betalt av innehavarar av analog TV-kringkasting, blir overført til innehavar av spektrumsløyve i frekvensbandet 470-790 MHz.

Departementet gjer framlegg om at brukarane av éin-frekvenssamband for Profesjonell Mobil Radio (PMR-nett), såkalla **simplekssamband**, blir pålagde eit fastbeløp på kr 50 000, jf § 9, første ledd. Dette skuldast at det er noko mindre arbeid for tilsynet å finne ledige simpleksfrekvensar samanlikna med dupleksfrekvensar. Endringa er i tråd med praktiseringa av forskrifta dei seinara åra, og vil ikkje gje nokre store utslag i form av auka gebyr for andre brukarar. Tofrekvenssystem, såkalla duplekssamband, skal etter første punktum framleis betale kr 100 000.

For gebyr for **registrert leverandør eller radioforhandlar**, gjer departementet framlegg om å auke gebyret for leverandør av radio og terminalutstyr frå kr 6 000 til kr 7 000, og auke gebyret for radioforhandlar frå kr 1 200 til kr 1 500, for å spegle tilsynet sine kostnader for arbeidet på desse områda.


4. Høyringsfrist

Samferdselsdepartementet ber om kommentarar innan **30. september 2009**, då det er viktig at forskrifta vert vedteken siste halvår 2009, slik at reglane kan gjerast gjeldande frå og med budsjettåret 2010.

Høyrings svar skal sendast til Samferdselsdepartementet, postboks 8010 Dep, 0030 Oslo eller på e-post til postmottak@sd.dep.no

Spørsmål kan rettast til Eli Wongraven, tlf. 22 24 82 18 eller på epost eli.wongraven@sd.dep.no.

Med helsing


Randi Hovde e.f.


Eli Wongraven

Vedlegg

Kopi m/vedlegg:
Post- og teletilsynet